

Torsdag 18. september 2008

**HAUGESUNDAS ANS**




# Fellesskapet skal eige vasskrafta

**Senterpartiet** vil at verdiane frå dei store fossefalla skal vere i det norske fellesskapet sitt eige, og forvalta til beste for framtidige generasjonar. Vi meiner dette blir best sikra gjennom ein brei offentleg eigarskap til vasskrafta, fordelt på alle våre tre folkevalde nivå.

Tradisjonelt er dette ivareteke ved ordninga om heimfall. Med denne fekk store private aktørar ein rett (konsesjon) til å utnytte vasskrafta i ein avgrensa periode (60 år), mot at vassfall og kraftstasjonar der etter gjekk vederlagsfritt attende til staten. Dei kommunar og fylke der private kraftverk var lokalisert, fekk òg tildelt ein del av desse verdiane ved heimfall.

Vi vil vidareføra og auka offentleg eigarskap i vasskraftproduksjon i Noreg, for dei store anlegga som er omfatta av



Det er viktig for Senterpartiet at den norske staten framleis blir eineigar

kraftverk heimfalle seinast 60 år etter at konsesjon er gitt. Det siste i 2065.

Det er derfor viktig å presisere at industriverksemdene som i dag kontrollerer vassfall, framleis kan sikre seg rimeleg kraft med regjeringa sin modell, noko som gjev rom for framtidig industriell utvikling i Noreg.

Ved omgjeringssavtalar mellom private selskap og offentlege eigarar, kan oppgjeret for vassfalla gjerne skje gjennom avtalar om langsiktig krafttilgang for industriverksemder.

**Det er særst viktig** å skilje mellom lovendringane som tek vare på fellesskapets kontroll over vassfalla, og løysingar som sikrar den kraftforedlende industrien i Noreg konkurranse-dyktige vilkår. Dette er diverre



heimfall. Dette skal gjerast gjennom staten, fylkeskommunar og kommunar, og det er derfor viktig for Senterpartiet at den norske staten framleis blir eieeigar i Statkraft.

**Offentlege selskap**, i stor grad eigd av norske kommunar og fylkeskommunar, har rett til utnytting av vassfall utan nokon tidsavgrensing – i motsetnad til dei private aktørane.

Denne forskjellshandsaminga blei angripte av EØS-avtalens overvaksingsorgan ESA. Den raudgrøne regjeringa gjekk difor til sak mot ESA for å videreføre heimfallsordninga. Regjeringspartia ønskte ikkje å gjera nokre endringar med sjølve heimfallsordninga.

Deretter avsa EFTA-domstolen i fjor sommar ein dom på at den norske heimfallsordninga var i strid med EØS-avtalen. Regjeringa valde då å gå aktivt



Erling Sande  
Energipolitisk  
talsmann for  
Senterpartiet

## KRONIKK

«Er blitt sausa saman av fleire»

ut for å sikre offentleg kontroll over verdiane frå dei store vassfalla.

Regjeringa utnytta handlingsrommet dommen gav, og utforma den såkalla «konsolideringsmodellen». EFTA-domstolen uttalte nemleg at offentleg eigarskap kunne vere eit mål i seg sjølv. Regjeringa følg-

de opp dette og la fram ei ordning som styrkar den offentlege eigarskapen.

**For å imøtekomme** private aktørar som sat på vasskraftverk med vilkår om heimfall, styrka regjeringa høve til omgjerung. Ved omgjerung kan private eigarar selje kraftverket til selskap kontrollert av det offentlege, før heimfall finn stad, og dermed sikra seg store verdiar. Det er klart at regjeringa ikkje var forplikta til å gje dei private aktørane ein slik kompensasjon.

Men Norsk Hydro, Elkem og Norsk Industri fører framleis ein kamp mot heimfall, og dei har to mål. Dei vil for det første ha økonomisk kompensasjon og dessutan kontrollera vassfalla utover avtalt tid. For etter gjeldande regler skal private

blitt sausa saman av fleire.

Eit sentralt spørsmål i handaminga av lovendingane, har vore om den «alternative modellen» til Norsk Industri kan akseptierast. Her blir heimfallstidspunktet utsett til 2069 for alle private vassfall, uavhengig av noverande sluttdato for gitte konsesjonar. Opposisjonspartia støttar denne modellen.

Eit sentralt poeng i dommen frå EFTA-domstolen er at det ikkje kan gjevast nye konsesjonar, eller forlengingar av slike konsesjonar, til private aktørar. Difor vil ordninga som Norsk Industri og alle opposisjonspartia tek til orde for, vere eit sjansespel med ressursane til fellesskapet. Senterpartiet meiner det er reell fare for at ein slik modell er i strid med dommen i EFTA-domstolen. Senterpartiet står difor saman med dei andre regjeringspartia imot den «alternative modellen».